

# Langesund Rotaryklubb

## Rotary

### Møtereferat



Referat frå møtet 10.1.2024, veke 2.

#### TA VARE

på vennene, ta VARE  
på vennligheten, vis gjerne  
litt selv om du kan, dagen er blå  
og dagen er grønn, dagen  
er hvit – det er ikke annet  
enn livet det her, vi er alle borte – nå  
eller om litt, take it easy menneske  
but take it, det er ikke  
annet enn virkelighet  
vet du, snart er 101 inne snart  
er 101 ute – jeg sier:  
vennlighet varer lenger, ta VARE  
på vennligheten, ta VARE  
på vennene – HEI HEI! ta nå  
vare på hverandre.

Vi var 17 frammøtte, medrekna ein gjest. **President Kjersti Hamborg Martinsen** opna møtet med diktet «Ta vare», som **Jan Erik Vold (1939–)** gav ut i diktsamlinga *kykelipi* (1969) – sjå ramma.



Det var eitt TIGRIS-innlegg: **Yngvar Lohne** var i Sverige i jula og hadde ei trøblete heimreise. Stikkord: Det er ikkje berre vi som har buss for tog!

Resten av møtet gjekk med til [referat frå komiteane](#).

**TRF-komiteen**. Kari Herder Kaggerud fortalde om prosjekta i 2023: Hjelp/læremiddel til flyktningar i Bamble, hjertestartar til Langesund, kultur og mat-tradisjon for flyktningar i Bamble, DG-søknader 2023/24 (aktivitetsdag for eldre, oppmuntrings-tiltak for flyktningar). Ho fortalde òg om arbeidet i Liauenkomiteen i D2290.

**Serviceprosjektkomiteen**. Steinar Skilhagen fortalde om arbeidet med Rotaryleikane, språk-samtalar med ukrainske flyktningar og arbeidet med informasjonstavler langs kyststien.

**Ungdomskomiteen**. Berit Midtgaard fortalde at hovudprosjektet er den meksikanske utveks-lingseleven, *Leonardo Fernández Flores* – eit særst vellykka prosjekt med mange aktivitetar. Eit anna prosjekt er RYLA, som i år er lagt til Lyngdal, 19. – 22. mars.

**Kommunikasjonskomiteen**. Rolf Theil fortalde om hovudoppgåvene: Referere frå klubbmøta, oppdatere nettsida vår, informere lokalsamfunnet om Langesund RK gjennom *Det skjer i Bamble*, lokalavisene og den eksterne Facebooksida vår. Han oppmuntra medlemene til å «like og dele» innlegg på fb-sida, for å spreie informasjon om klubben.

**Medlemskomiteen**. Espen Hoell fortalde om førebuinga til informasjonsmøtet for bedrifter i Bamble torsdag 1. februar på Hotel Skjærgården. President Kjersti ønsker velkomen, og deretter får presidenten og alle komiteleiarane 10 minutt kvar til å fortelje kva dei held på med. Til slutt får innkomande president Eva Solskjær Boxaspen 20 minutt til å fortelje om mogelegheiter for bedrifter. Espen er med i komiteen som førebur Noregs-turneen til det ukrainske bandura-orkesteret *Dzvinha* (Дзвінґа), som kjem til *Ælvespeilet* onsdag 17. april.



Langesund, 14.1.2024,  
Rolf Theil